

Årsmelding 2015



Sogn regionråd

Innhold

1	Sogn regionråd	3
1.1	Møte og deltaking	3
1.2	Arbeidsgrupper.....	4
1.3	Rekneskap – økonomiske resultat.....	4
2	Aktivitetar i 2015	4
2.1	Næringsutvikling.....	5
2.1.1	Regionale møteplassar.....	5
2.1.2	Reiseliv	5
2.1.3	Tilflytting og rekruttering.....	5
2.2	Utdanning og kompetanse	6
2.3	Samferdsle.....	9
2.4	Helse.....	10
2.5	Kommunereforma	10
2.6	IKT.....	11
2.6.1	Fellesordningar i Sogn regionråd	11
2.6.2	Samarbeid i fylket	11
2.6.3	Geografisk informasjonssystem (GIS)	11
2.7	Samarbeidsfora i Sogn regionråd	12
2.7.1	Rådmannsgruppa	12
2.7.2	Regionale nettverk.....	12
2.8	Orienteringar og gjesteforedrag.....	13
2.9	Rapportar	14
2.10	Fråsegner frå Sogn regionråd	14
3	Rekneskap	15
3.1	Rekneskapsoversikt	15
3.2	Bruk av fond	16

1 Sogn regionråd

1.1 Møte og deltaking

Sogn regionråd er eit interkommunalt samarbeid etter kommunelova § 27. Medlemskommunane er Aurland, Balestrand, Høyanger, Leikanger, Luster, Lærdal, Sogndal, Vik og Årdal.

Ordførarane i kommunane er faste medlemmar i regionrådet. Rådet si samansetjing fram til kommunevalet var slik:

Balestrand kommune, Harald Offerdal (leiar)
Aurland kommune, Noralv Distad
Høyanger kommune, Petter Sortland
Leikanger kommune, Olav Lunden
Luster kommune, Ivar Kvalen
Lærdal kommune, Jan Geir Solheim
Sogndal kommune, Jarle Aarvoll
Vik kommune, Marta Finden Halset
Årdal kommune, Arild Ingar Lægreid.

Etter kommunevalet fekk rådet slik samansetjing

Balestrand kommune, Harald Offerdal (leiar)
Aurland kommune, Noralv Distad
Høyanger kommune, Petter Sortland
Leikanger kommune, Jon Håkon Odd
Luster kommune, Ivar Kvalen
Lærdal kommune, Jan Geir Solheim
Sogndal kommune, Jarle Aarvoll
Vik kommune, Olav Turvoll
Årdal kommune, Arild Ingar Lægreid.



Ordførarane på første rådsmøte etter valet: Harald N. Offerdal, Noralv Distad, Arild Ingar Lægreid, Ivar Kvalen, Jon Håkon Odd, Olav Turvoll, Trond Øyen Einemo (varaordførar), Petter Sortland og Jarle Aarvoll

Sogn regionråd hadde 5 møte:
26. februar, Bergen
6. mai, Sogndal
19. juni, Høyanger
6. november, Aurland
4. desember, Balestrand

Rådet handsama 33 saker i løpet av året.

Det var ordførarmøte 20. april i Leikanger og felles formannskapsdag 30. oktober i Sogndal.

Sogn regionråd har eige sekretariat med dagleg leiar tilsett i full stilling.

1.2 Arbeidsgrupper

Arbeidsgruppene gjev tilråding til regionrådet innan sine saksområde og har ikkje vedtaksmynde. Det er laga retningslinjer for arbeidsgrupper. Arbeidsgruppene hadde følgjande møteaktivitet:

- Samferdslegruppa (2 møte)
- Helsegruppa (1 møte)
- Næringsutviklings-/RUP-gruppa¹ (2 møte).

1.3 Rekneskap – økonomiske resultat

Rekneskapen for 2015 vert revidert som ein del av rekneskapen i Sogndal kommune.

Sogn regionråd fekk totalt tilført inntekter på kr 8 536 614. Av dette utgjer eksterne midlar kr 2 780 561 og refusjon frå kommunane kr 5 010 840, inkludert kr 3 350 000 i kontingentmidlar.

Det er brukt kr 429 780 av bundne fond, medan ubrukte midlar kr 1 564 821 er avsett til fond. Positivt netto driftsresultat er kr 1 046 880.

Renteinntektene for fondsmidlane utgjer kr 88 161, og er avsett til fondsmidlar kontigent. Meirverdiavgiftkompensasjonen utgjer kr 685 552.

Detaljar i rekneskapen og gjennomgang av bruken av fondsmidlar går fram av punkt 3 i årsmeldinga.

2 Aktivitetar i 2015

Sogn regionråd har skissert mål og strategiar for prioritering av regional utvikling i "Regionalplan for Sogn 2013-2016". Strategiplanen tek utgangspunkt i regionale utfordringar om folketalsutvikling-/framskriving, sysselsetting og næringsstruktur. Sogn regionråd har tre satsingsområde: Næringsutvikling, samferdsle og helse. Tiltaksplanen blir rullert årleg.

RUP-gruppa følgjer opp arbeidet med regionalplanen og samarbeidsavtalen med fylkeskommunen.

¹ Regional utviklingsplangruppe

2.1 Næringsutvikling

2.1.1 Regionale møteplassar

Sogn regionråd byggjar nettverk og samhandlingsarenaer og ønskjer å bidra til å styrka samarbeidet med næringsliv, utdanningsinstitusjonar, forskingsmiljø og organisasjonar. Møta i regionrådet er også arena for slik dialog og samhandling.

Vi samarbeider med forskings- og utdanningsinstitusjonar innanfor det regionale programmet for barnehage- og skuleutvikling.

Leiar i Sogn regionråd deltek i Råd for samarbeid med næringslivet (RSA). Rådet skal bidra til at forskings- og utdanningsaktiviteten ved Høgskulen i Sogn og Fjordane treff kompetansebehova i arbeidslivet på dei felte som er aktuelle.

Næringssefane i dei ni kommunane har møte om lag fire gonger i året for samhandling kommunane imellom og møter næringsliv og forskings- og utdanningsmiljø.

2.1.2 Reiseliv

Marknadsføring

Sogn regionråd bidreg til den felles reiselivssatsinga i Sogn. Rådet gav kr 240 000 i tilskot til Visit Sognefjord AS til internasjonal og nasjonal marknadsføring av Sognefjorden og reiselivsprodukta i Sogn.

2.1.3 Tilflytting og rekruttering

Karrieremesser

Sogn regionråd arbeider for å sikra busetjing og rekruttering til regionen. Sogn regionråd løyvde kr 60 000 i tilskot til Framtidsfylket sine messer i Trondheim, Oslo og Bergen. Karrieremessene gir oss høve til å profilera regionen og breidda i arbeidsmarknaden. Regionrådet koordinerer kommunane si deltaking på messene og stiller med regionstand. Rådet dekker utgiftene til regionstand og til felles brosjyre- og profileringsmateriell.

Evalueringane viser at messene er ein viktig arena for nettverksbygging og møteplass for studentar, potensielle arbeidstakarar og næringsliv.

Bustadutvikling

Analysen om bustadmarknaden frå ideas2evidence peikar på at bustadmarknaden i regionen er lite variert. Særleg viser analysen at det er utfordringar i høve leigemarknaden. Vi arrangerte ein temadag 21. april som handla om dei gode grepa for betra bustadtilbod og kva som kan gjerast for å få meir variert og attraktiv bustadmarknad. Sogn regionråd vedtok å starta opp arbeidet med regionale bustadstrategiar. Kommunane og eksterne støttespelarar som Husbanken, Distriktsenteret, fylkeskommunen og Fylkesmannen er inviterte til å vera med.

Auke tal læreplassar

Sogn regionråd ønskjer å bidra til å styrka tilbodet og auka tal læreplassar i kommunane og private verksemdar. Næringsansvarlege i kommunane legg til rette for at bedriftene får informasjon om lærlingeordninga. Sogn regionråd har invitert Sogn og Fjordane fylkeskommune og NHO og LO på fylkesnivå til ein partnarskapsavtale for fleire læreplassar. Formålet med å arbeida gjennom partnarskapen er å samordna innsatsen slik at vi aukar tal læreplassar i Sogn, og sikrar rekruttering av fagarbeidarkompetanse i arbeids- og næringsliv.

2.2 Utdanning og kompetanse

Regionalt barnehage- og skulesamarbeid

Det regionale utviklingsprogrammet "System for styrka læring" byrja formelt i januar 2013. Regionrådet vedtok overordna programplan i 2014. Målet vårt no er å styrke læringsutbyttet for alle elevane, gjennom auka bruk av tilpassa opplæring og redusert omfang av spesialundervisning. Dette målet skal vi nå gjennom arbeid med seks strategiområde: 1. Lærande organisasjon/fagnettverk, 2. Entreprenørskap, 3. Psykisk helse og emosjonell kompetanse, 4. Tidleg innsats, 5. Vurdering for læring og 6. Motivasjon og meistring/ungdomstrinn i utvikling. Sogn regionråd har tilsett programleiar i full stilling.

Pilotprosjektet «Frå spesialundervisning til tilpassa opplæring»

Fem av skulane i regionen deltek i prosjektet: Gaupne barneskule, Leikanger barneskule, Leikanger ungdomsskule, Feios skule og Flatbygdi skule. Dette kan seiast å vera eit av dei viktigaste tiltaka i «System for styrka læring». Statped Vest er drivarane av prosjektet, og deltek med to rådgjevarar. Dei har tre møte kvart halvår med kvar av skulane, i to år. PPT er sterkt deltakande i prosjektet. Vi nyttar tilgjengeleg analyseverktøy, og ser på organisering, planlegging og tilrettelegging av undervisninga. Utviklingsretteleiarer deltek også i prosjektet. Målet er å finne fram til korleis vi kan styrka tilpassa opplæring og redusere omfanget av spesialundervisning. Prosjektet teiknar særst positivt så langt, etter oppstart i februar.

Entreprenørskap

Entreprenørskap handlar om varierte og motiverande undervisnings- og læringsformer, praktiske og livsnære aktivitetar for elevane, samarbeid med lokalt næringsliv, organisasjonar og livet utanfor skuleporten, og fagnettverk i entreprenørskap er eitt av dei. Rektorar, inspektørar, rådgjevarar og lærarar møtest kvar haust til erfaringsutveksling, påfyll, refleksjon og diskusjon. Vi avsluttar arbeidet med entreprenørskapsmesse i mai. Sogndal kommune var vertskap 5. mai 2015. Der deltek alle 8. klassingane i regionen, og blir inspirerte av dei 25 elevbedriftene frå 9. klasse som har kvalifisert seg til den regionale finalen. I tillegg til besøk hjå lokale verksemder, får alle elevane føredrag i plenum frå ein lokal gründer. Med 600 elevar frå dei 12 ungdomsskulane vert messa også eit viktig møtepunkt for elevane sjølve. Dette byggjer lokal og regional identitet og forankring hjå ungdomane i Sogn.

Fagnettverk

Vi har 21 fagnettverk for tilsette i skulane og 8 nettverk for barnehagane i regionen. Nettverk er tufta på gjensidig forplikting og handlar om å dele, bruke og skape ny kunnskap. Då oppnår vi også eit høgare læringsutbytte. Vi har eit årleg evalueringsmøte i april, både for skule- og barnehagenettverka.

Vi tok i bruk nytt påmeldingssystem for regionale fagnettverk og samlingar. Systemet er godt motteke i kommunane og forenkler arbeidet både for nettverksansvarlege og administrasjonen i regionrådet.

Fagnettverk «Kropp, rørsle og helse» drog på studietur til Island 18.-21. mars. Barnehagetilsette frå åtte kommunar i Sogn besøkte fem ulike barnehagar, og fekk høyra om korleis dei arbeider helseførebyggjande med å gi barna god og næringsrik mat, leggja til rette for fysisk aktivitet, leik og utvikling av den kreative sida til barna. Erfaringane deler dei på nettsidene for fagnettverk barnehage (fagnettverk.wikispaces.com). Barnehagelærarar frå Årdal kommune var ansvarlege for studieturen. Studieturane vert i hovudsak dekkja av midlar frå Utdanningsdirektoratet som Fylkesmannen betalar til dei fire regionane i fylket.



28 barnehagetilsette frå kommunane i Sogn på studietur til Island i mars.

Folkehelse

I samarbeid med partnerskapen for styrka psykisk helse og Høgskulen i Sogn og Fjordane er det tilsett ein psykolog. Psykologen skal arbeide systemisk saman med tilsette i barnehagar og skular i Sogn, og slik styrke det førebyggjande perspektivet knytt til aktivt folkehelsearbeid.

Motivasjon og meistring

Den nasjonale ungdomstrinnsatsinga frå 2013 – 2017 skal styrke elevane sitt læringsutbytte og auke gjennomføringa i vidaregåande skule.

Målsetjinga er tufta på St.meld. 22 Motivasjon – meistring – muligheiter. Målet med satsinga er å vitalisere ungdomstrinnet, få større breidde, mangfald og variasjon av undervisningsmetodikk. Satsinga er på grunnleggjande ferdigheiter, kollektiv kompetanseutvikling på einingane og bruk av lærande fagnettverk som utviklingsstrategi. Kommunane og skulane i Sogn har førebudd skulebasert kompetanseutvikling, som er eit av tiltaka i satsinga. Dei har gjennomført ståstadanalyse og analysert behova ved skulane sine ut frå satsingsområda lesing, skrivning, rekning eller klasseleiing.

Utviklingsarbeidet blir samordna med andre tiltak som er i gang på skulane og det blir laga planar for arbeidet. To av kommunane, Balestrand og Leikanger, starta med skulebasert kompetanseutvikling hausten 2015. Dette er eit samarbeid med Høgskulen i Sogn og Fjordane, der Høgskulen sine fagfolk møter leiing og alle tilsette ute på skulane. Erfaringane frå Balestrand og Leikanger blir delt og utveksla gjennom dei etablerte strukturane i Sogn, rektornettverk, nettverk for skuleeigarar og fagnettverka. Alle dei andre kommunane i Sogn går førebudde inn i skulebasert kompetanseutvikling i 2016.

4. januar vart det gjennomført ei oppfølging etter felles samling for alle ungdomsskulelærarane hausten 2014 der temaet var lesing i alle fag. Det var lagt til rette for mellomliggjande utprøvande arbeid ved eigen skule. Hausten 2015 vart det på nytt gjennomført samling for alle ungdomsskulelærarane, der temaet var skrivning i alle fag. Fagnettverka vart elles gjennomførte stort sett etter planen.

Sogn regionråd finansierer delar av utviklingsrettileiarstillinga.

Formidling og kommunikasjon

For å bli stadig betre må vi lære av andre, samstundes som vi må formidle kva vi held på med sjølve. Det er ei stigande interesse for barnehage- og skuleutviklinga i Sogn. Nokre stikkord for 2015:

- 16. april: Programleiar Claus Røynesdal hadde presentasjon på fagdag i Loen om lærande nettverk for "Sjustjerna", kommunane på Sunnmøre.
- 5. juni: Presentasjon om lærande nettverk for vel 120 barnehage- og skuleleiarar på Stord, for kommunane i Sunnhordland. Fagdag ved rektor Ole Jørgen Øygarden, tillitsvald Anne Siri Bentsen, tenesteleiar Karin Johansen og programleiar Claus Røynesdal.
- 19. juni signerte Sogn regionråd ei samarbeidsavtale med FOS (Forum for Oppvekst i Sunnhordland). Då inngjekk vi eit forpliktande utviklings- og lærings samarbeid med dei seks kommunane i Sunnhordland: Bømlo, Etne, Fitjar, Kvinnherad, Stord og Sveio.
- 17. november: Nordisk ministerråd si konferanse om entreprenørskap i grunnskulen. Rektor Ingunn Marie Myren og Claus Røynesdal hadde kvar si times føreling om arbeidet i Sogn.



Fire utviklingsagentar frå Sogn formidla erfaringane om lærande regionale nettverk for seks kommunar i Sunnhordland

Felles pedagogisk-psykologisk teneste i Sogn

I hovudprosjektet som starta hausten 2014 og varte til våren 2015 deltok seks av kommunane: Aurland, Leikanger, Lærdal, Luster, Sogndal og Vik. Prosjektleiar var Gunnar Stundal og prosessrettleiar var dr. polit Wiggo Hustad frå Deloitte AS. Det vart lagt til rette for kunnskapsutvikling og involvering. Rapporten var ferdig 4.2.2015 og peika på at det er mykje utviklings- og endringsarbeid som må gjerast uavhengig av struktur, samstundes som kommunane har ei stor utfordring i rolla som barnehage- og skuleeigar.

Det vart 5. mai inngått ein intensjonsavtale mellom Høgskulen i Sogn og Fjordane og Sogn regionråd om eit pedagogisk-psykologisk kompetansemiljø for å styrka og byggja kompetanse i barnehagane, skulane og PP-tenesta.

I hovudprosjektet vart det laga framlegg til samarbeidsavtale og oversikt over stillingar, budsjett og fordelingsmodell til deltakarkommunane. Kommunane Aurland, Leikanger, Luster, Sogndal og Vik

godkjende samarbeidsavtalen i juni og Sogn PPT vart etablert 1.1.2016. Sogndal kommune er vertskommune. Sogn og Fjordane fylkeskommune kjøper tenester frå Sogn PPT.

Vi fekk kr 200 000 i skjønsmidlar frå Fylkesmannen til hovudprosjektet. Regionrådet brukte av eigne midlar i hovudprosjektet til prosjekt- og prosessleiing. I tillegg kjem eigeninnsatsen frå deltakarkommunane og administrasjonen i regionrådet.

2.3 Samferdsle

Sogn regionråd har samferdsle som eitt satsingsområde og vi arbeider for å styrka regionen sine samferdsleinteresser. Vi har fleire prioriterte samferdsletiltak som vi aktivt arbeider for i høve avgjerdstakarakar på statleg og fylkeskommunalt nivå.

Arbeidet med samferdsleplanen vart starta i 2015 og var drøfta i ordførarmøte og i samferdslegruppa.

Sogn regionråd har i 2015 hatt fokus på desse samferdsletiltaka innan det statlege transportansvaret og fylkesvegnettet:

1) Ferjefrekvens og nattferjer på sambandet Hella-Dragsvik-Vangsnes

Sogn regionråd arbeider for å få halvtimes ferjefrekvens og nattferjer på sambandet Hella-Dragsvik-Vangsnes. Frå 1.1.2016 kom det fleire avgangar og nattferjer på ferjesambandet, men ikkje halvtimes frekvens som rådet ønskjer.



Foto: Darek Hauderowicz

2) Flyruter og nattstasjonert fly

Sogn regionråd arbeider for nattstasjonert fly for å få betre regularitet og kapasitet. Kommunane har gått ilag om å prosjektera hangar og finansierte utgreiinga. Rapporten frå Avinor, som var ferdigstilt i juni, viser kostnader og mogleg plassering som grunnlag for å iverksetja byggesøknad og bygging.

Samferdslegruppa møtte Samferdselsdepartementet 13. april for å orientera om prosjekteringa av og grunnngje behovet for hangar.

3) Nasjonal Transportplan - lufthamnstruktur

Sogn regionråd arbeider for å styrka og utvikla Sogndal lufthamn. Regionrådet gav innspel til Avinor si utgreiing om lufthamnstrukturen som er ein del av arbeidet med Nasjonal Transportplan 2018-2027.

4) Aust-vestsamband

Sogn regionråd støttar Statens vegvesen sin langsiktige utviklingsstrategi for riksvegnettet med to hovudsamband mellom Austlandet og Vestlandet: Rv 52 over Hemsedalsfjellet og E 134 over Haukeli. Regionrådet legg til grunn at pågåande og planlagde tiltak for E16 vert fullført. Rådet gav fråsegn til høyringa.

2.4 Helse

Helsegruppa arbeider med samhandling mellom spesialisthelsetenesta og kommunehelsetenesta.

Alf Olsen er Sogn regionråd sin representant i koordineringsrådet i Helse Førde. Koordineringsrådet skal bidra til å utvikle og sikre kvaliteten på samarbeid og samhandling mellom partane.

2.5 Kommunereforma

Kommunane i Sogn regionråd har delteke i felles utgreiing om kommunestrukturalternativ. Føremålet med utgreiinga var å gje kommunane eit grunnlag for å ta stilling til ev. kommunesamanslåing med andre kommunar i Sogn.

Telemarksforsking gjennomførde utgreiinga på oppdrag frå Sogn regionråd, og følgjande alternativ vart utgreidd: 1) Alle kommunane i Sogn regionråd, 2) Vik, Balestrand, Leikanger, Sogndal, Luster, Årdal, Lærdal og Aurland, 3) Vik, Balestrand, Leikanger, Sogndal, Luster og Lærdal, 4) Sogndal, Leikanger og Luster, 5) Årdal, Lærdal og Aurland og 6) Høyanger og Balestrand.

Telemarksforsking la fram faktautgreiing (delrapport) 1. juni og endeleg rapport 15. oktober.

Kommunereforma var tema på felles formannskapsdag 30. oktober med informasjon om reforma, utgreiingsarbeidet i Sogn, drøfting av regionen sine moglegheiter og utfordringar og kommunane si samfunnsutviklarrolle.

Kommunane handsama sak om vidare deltaking i november og desember 2015. Seks kommunar - Balestrand, Leikanger, Lærdal, Sogndal, Vik og Årdal - vedtok å delta i det vidare arbeidet med å forhandla fram intensjonsavtalar for ein ny kommune i Sogn.

Arild Sørnum Stana frå KS-Konsulent vart leigd inn som prosess- og prosjektleiar for arbeidet med intensjonsavtalar.

Fylkesmannen har løyvd kr 1 040 000 av skjønsmidlar til Sogn regionråd til arbeidet med kommunereforma.

2.6 IKT

2.6.1 Fellesordningar i Sogn regionråd

Overordna samarbeidsavtale

Samarbeidsavtalen mellom kommunane i Sogn regionråd og Sogn og Fjordane fylkeskommune regulerer samarbeidet om IKT-tenester, og det er laga to delavtaler mellom samarbeidspartane:

- **Kommunenett:** Kommunikasjonsnettet bind kommunane saman med felles oppkoplingspunkt til fylkeskommunen. Løysinga er grunnlaget for digitale fellesløysingar.
- **GIS-løysing:** Sogn regionråd har avtale med fylkeskommunen om drift av GIS-systemet.

IKT-faggruppa

IKT-faggruppa følgjer opp felles avtalar og er arena for IKT-relaterte problemstillingar i Sogn regionråd. Gruppa rapporterer til rådmannsgruppa. Det var tre møte i 2015. Leiar er Geir Svendsen, Vik kommune.

2.6.2 Samarbeid i fylket

Breibandforum

Sogn regionråd sin representant i Breibandforum er Geir Svendsen, Vik kommune.

IT-forum Oppvekst og Utdanning

Nettverket arbeider for å finna løysing for digitalt samarbeid på tvers av skulesteg. Sogn regionråd sin representant var Jarle Christensen, Vik kommune.

2.6.3 Geografisk informasjonssystem (GIS)

Kommunane i Sogn regionråd har felles GIS-løysing med programvare for oppdatering av kartdata og forvaltning av kommunale avgifter. I tillegg har kommunane felles kartløysing på sognekart.no der kartdata er tilgjengeleg for publikum. Sogn regionråd har tilsett GIS-koordinator i full stilling. GIS-koordinator rapporterer fagleg til dagleg leiar og rådmannsgruppa er styringsgruppe.

a) Adresseprosjektet

Prosjektet for å få på plass vegadresser i regionen starta i 2012 og vil halda fram i 2016. For dei to første prosjektåra fekk regionrådet kr 275 000 i skjønsmidlar frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane. Kommunane har hatt ulik framdrift i prosjektet.

b) Kompetanseheving

Det er gjennomført intern opplæring for nye medarbeidarar og sakshandsamarar i regionen for bruk av GIS-verktøy:

- Innføring i bruk av GIS-line/GIS-line Vatn og avløp, adressering, skiltplan, arealplanlegging
- Arbeidsseminar for åtte byggehandsamarar i regionen og for Sogn Brann og Redning IKS
- Opplæring for forvaltning og webpublisering av webkart for fem medarbeidarar

c) GIS og KomTek Programvare

GIS-line programvare vart oppdatert på alle terminalserverer i januar. KomTek programvare vart oppdatert for kommunane og SIMAS i mai.

Det er installert ny WEB 3 versjon for sognekart.no.

d) Kartdata i Sogneregionen

NN2000 er eit nytt felles nasjonalt høgdegrunnlag som omfattar alle kommunale og statlege kartdata, og

som våre kommunar innførte våren 2015. Skilnaden mellom NN1954 og NN2000 i Sogn varierer frå ca -11 cm til + 19 cm. Dei kommunale kartdatabasane fekk nye NN2000-høgder 13. april eller 20. april.

Som del av Geovekstprosjektet er alle kartdata for regionen oppdaterte.

e) Samarbeid

Representanter frå regionen deltek i Geodatautvalget i Hordaland og Sogn og Fjordane, Norgedigital, GeoForum, Geovekstprosjektet, X,Y og Z Geoforumkonferanse i Bergen og på lokale plan- og kartdagar i Loen. Arbeidet med ny internettside sognekom.no er i gang og vil gje informasjon om sakshandsaming.

f) SIMAS

Det pågår utviklingsprosjekt med SIMAS slik at dei får moderne verktøy og betre datautveksling mellom SIMAS, kommunane og eksterne tenesteleverandørar. Det er gjort avtale om at GIS-koordinator utfører oppgåver for SIMAS.

2.7 Samarbeidsfora i Sogn regionråd

2.7.1 Rådmannsgruppa

Rådmannsgruppa er eit forum for erfaringsutveksling og utviklar samarbeidet om kommunal forvaltning, administrative funksjonar og tenesteproduksjonen i regionen. Dagleg leiar i Sogn regionråd deltek i møta og skriv møtereferat.

Leiar for rådmannsgruppa i 2015 var Odd Arve Rakstad, rådmann i Leikanger kommune. Gruppa hadde 5 møte og blant sakene har vore:

- Interkommunalt samarbeid om skogbrukskompetanse
- Kommunereforma
- Arbeidsgjevarkontroll og skatteoppkrevjing
- Farmasøytisk tilsyn
- Innkjøpsordninga
- Avtale om GIS-koordinator
- Avtalar om drift av kommunenett og GIS-løysing og spørsmålet om kjøp av redundans
- Regionalt GIS-arbeid mellom om anna adresseprosjektet, tiltaksplan for oppmåling/GIS og mandat for oppmålingsgruppa
- Det regionale barnehage- og skulesamarbeidet «System for styrka læring»

2.7.2 Regionale nettverk

Regionale fagnettverk er arena for erfaringsutveksling og kompetanseheving for tilsette i kommunane, og gir høve for å setja tema på dagsorden, informera om aktuelle saker og samhandle med eksterne aktørar. Ungdomsnettverket vart starta opp i 2006, kulturnettverk i 2011 og næringsnettverk, HR/personal og helse- og omsorgsnettverket starta i 2012 og oppmålingsgruppa i 2013.

Barnehage- og skuleregion Sogn

Deltakarar er barnehage- og skulefagleg ansvarlege i kommunane og utviklingsretteleiar for ungdomstrinn i utvikling. Sentrale tema for møta har vore satsingsområda i System for styrka læring, kompetanseutvikling, ungdomstrinnsatsinga, flyktningar/ minoritetsspråklege og tilsyn i barnehage og skule. Programleiar i System for styrka læring er sekretær. Leiar er Torunn Liltved, Lærdal kommune. Leiaren deltek i Skule- og barnehageutvalet og Forum for skule- og barnehageutvikling i Sogn og Fjordane.

Helse- og omsorgsnettverk

Nettverket har hatt til dels stor utskifting av deltakarar. Det har vore fire møte om våren og fire om hausten. Det har vore behandla 59 saker mellom anna høringsfråsegner, drøfting av felles utfordringar

og utpeiking av deltakarar til felles råd og utval. Rigmor Svanberg, kommunalsjef i Årdal kommune, har vore leiar. Leiaren i det regionale nettverket deltek i Forum for helse, omsorg og folkehelse.

HR-/personalnettverk

Deltakarar er personalmedarbeidarar i kommunane. Det har vore tre møte. Tema har vore forsikringsordningane, anbodsinnhenting ny avtale for bedriftshelseteneste og oppstart av leiarnettverk innan helse, pleie og omsorg der 50 avdelingsleiarar deltok. Tema for første samlinga var leiarrolla. Bente Bakke, Sogndal kommune er leiar i nettverket.

Kulturnettverk

Kommunar som ikkje har fast kulturleiar er representert med tilsette som dekker hovedtema for det aktuelle møte. Leiar er Erling Bjørnetun, Luster kommune.

Næringsnettverket i Sogn

Deltakarar er næringsansvarlege i kommunane. Dagleg leiar i Sogn regionråd deltek på møta. Nettverket hadde fire møte. Tema var mellom anna lærlingeordninga, gründersatsing, lufthamnstruktur, karrieremesser, bustadutvikling, offentlege arbeidsplassar, verdiskaping knytt til skogressursane, industristrategi og forretningsområde for ny aktivitet. I samband med møta har nettverket besøkt Statens Hus (Fylkesmannen og Skatteetaten) i Leikanger, Kviknes Hotel og Reiselivsmuseet i Balestrand, og Sogn Aqua, Osland Havbruk, Osland Settefisk, Østerbø Maskin og Massnes Villmarksmuseum i Høyanger. Arve Tokvam, dagleg leiar i Lærdal Næringsutvikling AS var leiar i nettverket.

Oppmålingsgruppa

Det har vore ni møte i faggruppa for landmålarane i regionen. Tema har vore felles rutinar for oppmålingsarbeid, felles tekst til dokumentmalar, ny felles WEB-side med informasjon til publikum og få på plass ny versjon av Sognekart. Det har også vore noko arbeid rundt felles gebyrmaal.

Ungdomsnettverk

Deltakarar er ungdomsarbeidarar i kommunane. Det var tre møte i nettverket. Eitt av møta var i kombinasjon med kurs. Kurset vart helde av organisasjonen Ungdom og fritid og målgruppa var ungdomsarbeidarar i heile regionen. Tema var: «Korleis få ungdom meir engasjert i sin eigen kvardag og fritid». Det var godt oppmøte på kurset. Leiar i nettverket er Britt Marit Stadheim, Vik kommune.

2.8 Orientering og gjesteforedrag

I møta i Sogn regionråd har desse delteke med innleiingar:

Leiv Vambheim, dagleg leiar IS Fjordvegen

Ragnhild Fjærestad, dagleg leiar Sogneprodukt

Svein Arne Skuggen Hoff, fylkesdirektør Sogn og Fjordane fylkeskommune

Vivian Kvam, dagleg leiar Sogn lokalmedisinske senter

Anne Kristin Kleiven, utviklingsdirektør og Terje Ulvedal, kommunikasjonssjef Helse Førde

Anne Karin Hamre, fylkesmann og Kåre Træen, prosjektleiar Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

Katrine Røkke Wilson, innkjøpssjef Sogn og Fjordane fylkeskommune

Siri Stavang, prosjektleiar NHO Sogn og Fjordane

Solfrid Fossberg, prosjektleiar Sogn og Fjordane Taxiforbund

Ole Ingar Hæreid, nestleiar samferdsleavdelinga, Sogn og Fjordane fylkeskommune

Per Jørgen Loen, seniorrådgjevar opplæringsavdelinga, Sogn og Fjordane fylkeskommune

Jøril Hovland, styreleiar og Hallvard Thomassen, administrerande direktør SIMAS

Stig Roar Hovland, styreleiar og Ragnhild Fjærestad, dagleg leiar Sogneprodukt

2.9 Rapportar

Rapportar utarbeidd på oppdrag frå Sogn regionråd:

- Kommunestruktur - endeleg rapport, Telemarksforsking, 15.10.2015
- Flyhangar for nattparkering - forprosjektrapport, Avinor juni 2015 ²
- PPT i Sogn - underlag til organisasjonsvurdering, Deloitte AS, 2015

2.10 Fråsegner frå Sogn regionråd

Sogn regionråd har gitt følgjande fråsegner i 2015:

- Val av hovudsamband mellom Austlandet og Vestlandet - til statsministeren, 8.12.2015
- Vurdering av domstolstrukturen for tingrettar og jordskifterettar, 29.10.2015
- Konkurransetsetjing av attføringstenestene - til arbeidsministeren, 16.10.2015
- Eigedomsskatt på arbeidsmaskiner i verk og bruk - til Finansdepartementet, 18.9.2015
- Nasjonal transportplan 2018-2027 Framtidig lufthamnstruktur - til Avinor, 18.9.2015
- Industristrategi - til Sogn og Fjordane fylkeskommune, 9.9.2015
- Utgreiing om samband mellom Austlandet og Vestlandet til Statens vegvesen, 8.5.2015
- Fv 53 Årdal-Tyin, innspel til Sogn og Fjordane fylkeskommune, 8.5.2015
- Overføring av skatteoppkrevjing til Skatteetaten, 2.3.2015
- Utkast til ny postlov, 26.1.2015

² Dei ni kommunane har finansiert utgreiinga.

3 Rekneskap

3.1 Rekneskapsoversikt

Deltakarkommunar: Sogndal, Leikanger, Luster, Lærdal, Aurland, Vik, Balestrand, Høyanger og Årdal	2015	Revidert budsjett	Opprinneleg budsjett	2014
DRIFTSINTEKTER				
Refusjonar frå deltakarkommunar	-5 010 840	-5 148 000	-5 263 000	-5 248 746
Refusjon frå staten	-10 834	0	0	-144 465
Refusjonar frå fylkeskommunen	-294	0	0	-6 880
Refusjonar frå andre/private	-245 256	-169 000	-145 000	-3 220
Overføringar frå staten	-1 901 100	-1 763 000	-245 000	-2 054 900
Overføringar frå fylkeskommunar	-600 000	-720 000	-550 000	-727 100
Overføring frå kommunar	-59 661	-50 000	-15 000	-30 000
Overføringar frå andre	-23 077	-22 000	-75 000	-65 955
Mva kompensasjon	-685 552	0	0	-479 604
Sum driftsinntekter	-8 536 614	-7 872 000	-6 293 000	-8 760 870
DRIFTSUTGIFTER				
Lønsutgifter	1 253 822	1 625 000	1 635 000	1 249 776
Sosiale utgifter	381 122	0	0	386 083
Kjøp av varer og tenester som går inn i kommunal tenesteproduksjon	3 839 361	4 018 000	3 229 000	3 912 310
Kjøp av tenester som erstattar kommunal tenesteproduksjon	8 021	0	0	0
Overføringar	2 007 408	2 614 000	2 159 000	2 363 219
Fordelte utgifter	0	0	0	0
Sum driftsutgifter	7 489 734	8 257 000	7 023 000	7 911 388
Brutto driftsresultat	-1 046 880	385 000	730 000	-849 482
Finansinntekter/finansutgifter				
Renteutgifter, provisjon og andre finansutgifter	0	0	0	0
Renteinntekter	-88 161	0	0	-85 150
Resultat eksterne finanstransaksjonar	-88 161	0	0	-85 150
Netto driftsresultat	-1 135 041	385 000	730 000	-934 632
Avsetjing og bruk av fond				
Bruk av bundne fond	-429 780	-805 000	-730 000	-908 726
Avsetjingar til bundne fond	1 564 821	420 000	0	1 843 359
Sum avsetjing og bruk av fond	1 564 821	420 000	0	1 843 359
Rekneskapsmessig meirforbruk/mindreforbruk	0	0	0	1
Oversikt over fond Sogn regionråd				
	31.12.2015			31.12.2014
FOND SOGN REGIONRÅD-DIV. PROSJEKT	-2 007 185			-1 311 105
FOND SOGN REGIONRÅD-UNGDOM	-85 408			-217 775
FOND SOGN REGIONRÅD-BARNEVERN	-17 517			-37 917
FOND SOGN REGIONRÅD-BARNEHAGE	-504 238			-150 990
FOND SOGN REGIONRÅD-SKULE	-635 073			-524 220
FOND SOGN REGIONRÅD-SKULE FAGNETTVERK	-423 901			-370 663
FOND SOGN REGIONRÅD-KONTIGENT	-329 233			-277 245
FOND SOGN REGIONRÅD-IKT	-4 589			-2 589
FOND SOGN REGIONRÅD-PSYKOLOGAR FOLKEHELSE	-1 020 000			-1 020 000
SUM	-5 027 145			-3 912 505

3.2 Bruk av fond

Det står kr 5 027 145 på fond pr 31.12.2015.

1. Diverse prosjekt

Kr 2 007 185 er unytta RUP-midler (regionale utviklingsprosjektmidlar) frå fylkeskommunen og kommunane, skjønsmidler frå Fylkesmannen til kommunereforma og tilbakeført meirverdiavgiftkompensasjon frå Sogndal kommune i 2013.

2. Ungdom

Kr 85 408 er midlar sett av til ungdomsnettverket i 2013 og er unytta midlar som ungdomsnettverket disponerer i samsvar med aktivitetsplanen. Det var inntektsført kr 100 000 for mykje i 2014, og dette er tilbakeført til fond diverse prosjekt.

3. Barnevern

Det står att kr 17 517 som kan nyttast til barnevern til dømes kompetanseutvikling.

4. Barnehage

Unytta eksterne midlar frå Fylkesmannen til kompetanse og utvikling kr 504 238 er sett på fond.

5. Skule

Unytta midlar frå det regionale utviklingsprogrammet kr 635 073 er sett av på fond.

6. Fagnettverk

Unytta midlar frå fagnettverka utgjør kr 423 901 og er i hovudsak kontingentmidlar.

7. Kontingent

Unytta kontingentmidlar på kr 329 233 er sett på fond. Delar av summen er renteinntekter av fondsmidler.

8. IKT

Unytta midlar innan IKT kr 4 589 blir sett av på fond og går mellom anna til samlingar.

9. Psykologar folkehelse

Helsedirektoratet har gitt tilsagn om kr 1 020 000 til to psykologstillingar innan folkehelse.



Sogn regionråd
Postboks 153, 6851 Sogndal
Telefon: 57 62 96 14
E-post: postmottak@sogndal.kommune.no
www.sogn.regionraad.no



Aurland
kommune



Balestrand
kommune



Høyanger
kommune



Leikanger
kommune



Luster
kommune



Lærdal
kommune



Sogndal
kommune



Vik
kommune



Årdal
kommune